

Arkivnr: 2018/13162-60

Saksbehandlarar: Erlend Hofstad, Roald Landøy, Sarah Wahlberg Lund, Ole Vegard Skauge, David Aasen Sandved

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.03.2019

Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap. Fordeling 2019**Samandrag**

Saka gjeld fordeling av tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 – tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap. Midlane skal i hovudsak gå til freda bygningar og anlegg i privat eige. Freda eller spesielt verneverdige kulturminne og kulturmiljø langs kysten, samt freda kulturmiljø og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap, kan òg få tilskot frå denne posten.

Hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø, og ta vare på kulturminna som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.

Tilskotsordninga skal bidra til det nasjonale målet om at freda og andre særleg verdifulle kulturminne, kulturmiljø og landskap i privat eige skal vere sett i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Tilskotsordninga følgjer òg opp dei statlege pliktene andsynes private eigarar av freda kulturminne, jf. kulturminnelova. Det vil seie å gi heilt eller delvis vederlag til fordyrande arbeid som følgjer av vilkår for dispensasjon, og til spesielt tyngande vedlikehaldsansvar.

Generelt:	
Tildeling frå Riksantikvaren for 2019:	13 000 000 kroner
Førehandstilsegn frå Riksantikvaren for 2020:	4 500 000 kroner
Ubrukte midlar og rentemidlar til fordeling:	688 513 kroner
Søknadsfrist:	1. november 2018
Vedtaks kriteria:	Kriteria fastsett av Riksantikvaren, jf. tildelingsbrev med vedlegg
Informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

Søknader 2019:	
Tal på søknader:	48 søknader
Tal på søknader som er tilrådd støtte:	46 søknader
Samla søknadssum:	27 552 829 kroner

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Søknadene viser eit stort behov for istandsetting av freda hus. Nokre hovudtrekk peikar seg ut i søknadsmassen. Ei rekkje av tiltaka er store istandsettingsprosjekt, der både omfanget av arbeidet og kostnadene gjer at prosjekta går over fleire år. Det er òg mange søknader som gjeld reparasjonar av tak. I søknadsmassen er det ein rimeleg balanse mellom meir avgrensa tiltak som kan ferdigstillast på eitt år, og større tiltak som går over fleire år.

Tildelinga frå Riksantikvaren til Hordaland fylkeskommune er i år særleg stor, både den ordinære tildelinga for 2019 og førehandstilsegna for 2020. Til saman utgjer desse 63,5 % av den samla søknadssummen. Det gjev rom for å gi tilskot til dei fleste søkerane, og samstundes innfri ein stor del av dei omsøkte beløpa. Generelt vert det lagt til grunn at søkjarane må bidra med ein viss eigendel, dersom ikkje særlege tilhøve ligg føre. Slike tilhøve er i første rekkje søkjarar som sit med eit særst tyngande vedlikehaldsansvar, med mange og/eller særleg krevjande freda bygningar. Eit hovudprinsipp er at tiltak på bygningar der tilstanden er dårleg, og/eller der tiltaket vil hindra ytterlegare forfall, er prioritert. Dette gjeld mellom anna dei mange søknadene om takreparasjonar. Det er viktig at dei store, fleirårige tiltaka vert ført vidare og ferdigstilt, og desse vert difor prioritert. Samstundes er det i pågåande prosjekt teke omsyn til eventuelle uteståande midlar. Ein del av søkerane har inne fleire søknader, og her er det gjort prioriteringar av kva for tiltak som hastar mest, og kor mange ulike tiltak det er praktisk å ha gåande samstundes.

Andre moment som tel positivt, er tiltak som vert brukt til formidling og/eller kunnskapsbygging, og – for pågåande prosjekt – god prosjektleiing og framdrift.

Forutan det ordinære tilskotet for 2019 skal det fordelast ei stor sum i førehandstilsegn for 2020. Her er det særleg teke omsyn til følgjande: tiltak som er tilskotsverdige, men der tilstanden tilseier at dei kan venta eit år; tiltak som kan utførast i fleire etappar; og tiltak som treng meir tid til å detaljplanleggjast. For å kunna planleggja langsiktig er fleire av dei store, fleirårige prosjekta òg innstilt til førehandstilsegn.

For den vidare grunngevinga for prioriteringane vert det vist til vedlegget med omtale av søknadene.

Ei hovudgruppe søknader gjeld skjøtsel av kulturlandskap på Havrå kulturmiljø og Lyngheiseret. Her er det vesentleg for å oppretthalda kulturminneverdiane at det vert drive skjøtsel kvart år, og med store areal vert det her trong for store tilskot. Årets tilskotsramme gjev rom for at skjøtelsmidlane samla sett vert haldne på omtrent same nivå som i fjor.

Det kan òg gjevast tilskot til kulturminne av kulturminne knytt til kystkultur og som ikkje er freda, men har nasjonal eller høg regional verdi. Det er i år ingen søknader som fell inn under denne kategorien.

Frå tildelinga av tilskot i 2016 og 2017 står det att ubrukte tilskot som vert trekt inn, til saman kr 535 337. Renteinntekter for 2018 på kr 153 176 vert også lagt til summen som er til fordeling. Til saman står då kr 688 513 til disposisjon frå tidlegare års tildelingar.

Administrasjonen ser det som svært tenleg å ha midlar tilgjengelege til strakstiltak, ved akutte skadetilfelle eller andre uventa situasjonar som gjer det naudsynt med hastetiltak på freda bygningar. Det er høve til å bruka midlar frå denne tilskotsordninga til dendrokronologiske analysar (årringsdatering) for fastsetting av alder på bygningar. Det vert føreslått at ubrukte tilskot som er trekt inn saman med renteinntektene vert sett av til strakstiltak og dendrokronologiske analysar.

Økonomi: Saka gjeld fordeling av øyremerka statlege tilskot og får ingen effekt på fylkeskommunens økonomi

Klima: Saka har ingen effekt på klimaet

Folkehelse: Saka har ingen effekt på folkehelse

Regional planstrategi: Saka bidreg til ei langsiktig forvaltning av kulturminneressursar

Forslag til vedtak

1. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling fordeler tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap slik:

Nr.	Søkjjar	Objektnamn	Tildeling	Førehands-tilsegn 2020
1	Jan Helge Krossøy	Sjøbu (ID 7), Krossøy sjøbruksmiljø	35 000	
2	Stiftinga Havråtunet	Gullekshuset, Havrå	0	250 000
3	Stiftelsen Espeland fangeleir	Gråsteinsmur, Espeland fangeleir	50 000	
4	Stiftelsen Espeland fangeleir	Vaktbu, Espeland fangeleir	0	124 000
5	Bernt Korsøen	Sjøbu (ID 6) og torvhus (ID 9), Krossøy sjøbruksmiljø	50 000	
6	Stiftelsen Fjelberg prestegard	Fjelberg prestegard	50 000	
7	Krigsveteranenes minne Kronstad	Kronstad Hovedgård, stallen	485 000	
8	Eirik Øvreeide	Rekvermylna	175 000	
9	Krigsveteranenes minne Kronstad	Kronstad Hovedgård, hovudbygning	700 000	
10	Sandviksveien 60 og 62 AS	Mesterhuset	610 000	
11	Nord og Midhordland sogelag v/ Magnar Ottesen	Bogatunet	45 000	
12	Stiftelsen Espeland fangeleir	Espeland fangeleir, alle bygningane	100 000	400 000
13	Stiftelsen Espeland fangeleir	Espeland fangeleir, magasinbygget	0	300 000
14	Stiftelsen Espeland fangeleir	Espeland fangeleir, messebygningen	0	195 000
15	Baroniet Rosendal / Den Weis-Rosenkronske stiftelse	Baroniet Rosendal, hagen	200 000	
16	Leif Havre	Havrå, bruk 8, 10 og 11	215 000	
17	Christinegaard Hovedgaard AS	Christinegaard, hovudbygning	200 000	
18	Christinegaard Hovedgaard AS	Christinegaard, portnarbustad	0	400 000
19	Christinegaard Hovedgaard AS	Christinegaard, driftsbygning	300 000	
20	Christinegaard Hovedgaard AS	Christinegaard, hagen	120 000	
21	Christinegaard Hovedgaard AS	Christinegaard, hagemur	Avslag	
22	Gerdt Meyer Bruun AS	Reperbanen på Fjøsanger	900 000	326 000
23	Museumssenteret i Hordaland	Havrå, bruk 2, 4 og 6	2 200 000	
24	Frode Kjærland	Havrå, bruk 3	235 000	
25	Mariann Heldal	Andershuset, Havrå	120 000	
26	Andres Blytt	Stallen, Einstapevoll	800 000	775 000
27	Hardanger og Voss museum	Herand sag	90 000	
28	Per Schulhus	Lille Øvregaten 7	250 000	80 000
29	Arnt Rune Trohjell	Toskedalsstova	350 000	
30	Yngve Kartveit	Fusa gamle prestegard, hovudbygning og stabbur	680 000	
31	John Audun Hauge	Sandviksbod 19A	31 000	
32	Oddgeir Wåge Møgster	Sliberget 2	200 000	
33	Siri Johanne Byrkjeland	Paktarens stabbur, Vikøy gamle prestegard	0	150 000
34	Andres Blytt	Einstapevoll, hagemur	56 000	
35	Nord- og Midthordland Høgskulelag	Store Milde, hovudbygning og hage	180 000	
36	Kraftmuseet - Norsk Vasskraft og industrimuseum	Lindehuset, Odda smelteverk	Avslag	
37	Geir Sundal	Havrå, Olsaløå	0	240 000
38	Museumssenteret i Hordaland	Lynghesenteret	600 000	

39	Aslaug Jorunn Nestås	Mosstova på Ystås (ID 2)	253 000	
40	Stiftelsen Agatunet	Jacob-stabburet, Agatunet	310 000	
41	Stiftelsen Seminarium Fredericianum	Bergen barneasyl	1 000 000	750 000
42	Geir Sundal	Noreløo, Havrå	0	200 000
43	Geir Sundal	Havrå, bruk 5, 7 og 12	200 000	
44	Geir Sundal	Melandsflore, Havrå	160 000	
45	Bymuseet i Bergen	Damsgård Hovedgård, hovudbygning	0	175 000
46	Bymuseet i Bergen	St. Jørgen Hospital, hovudbygning	600 000	
47	Bymuseet i Bergen	Alvøen hovedgård	300 000	
48	Marianne Haaland	Maaseskjæret 1	150 000	135 000

2. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til at ubrukte tilskot som er trekt inn og renteinntekter, til saman kr 688 513, vert sett av til strakstiltak og til dendrokronologiske analysar. Utvalet gjev administrasjonen fullmakt til nærare fordeling av desse midlane.
3. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev Utval for kultur, idrett og regional utvikling administrasjonen høve til å omfordela midlane til andre tiltak på same kulturminne, eller til andre av dei omsøkte tiltaka.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Søknader 2019. Omtale og grunngjeving
- 2 Tildelingsbrev frå Riksantikvaren
- 3 Vedlegg til tildelingsbrev. Retningslinjer og vilkår
- 4 Vedlegg til tildelingsbrev. Føringer for tilskotshandsaming

Fylkesrådmannen, 26.02.2019

Det vert vist til vedlegg med oversyn over søknadene og fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.